

# Styringsgruppemøte KPA/KDP Knarvik- Alversund med Alverstraumen

## Kantina i Nordhordlandshallen 24. april 2019

---

Til stades:

- Politisk styringsgruppe for KPA og KDP KAA (Plan- og miljøutvalet)
- Administrasjonen; Hogne Haugsdal, Siril Therese Sylta, Terje Villanger, Trude Langedal og Marte H. Eriksrud.

Agenda:

1. Gjennomgang planprogrammene for KDP KAA og KPA; kort status for hvert plantema.
2. Info om omsynssone Indre Farlei, omsynssone den Trondhjemske postveg og omsynssone KDP E 39.
3. Orientering om tilbakemelding frå nasjonale og regionale mynde til Radøy sin kommuneplan.
4. Innspel frå politiske parti.
5. Innspel til KU frå styringsgruppa.
6. Behov for styringsgruppemøte før handsaming av planforslaga.

<b>Tema – Planprogram KPA</b>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Presentasjon av planprogrammet og gjennomgang av status på plantema: <ul style="list-style-type: none"><li>• Generelt</li><li>• Sentrumsutvikling</li><li>• Næringsutvikling</li><li>• Bustadutvikling</li><li>• LNF</li><li>• Grøntstruktur</li><li>• Byggeområde for naust og småbåthamner</li></ul>	Innspel/kommentarar frå styringsgruppa: <ul style="list-style-type: none"><li>• Massehåndtering, innspel til føresegn; ta vare på matjorda, ikkje ønskeleg med deponi. Sette som vilkår at jorda skal brukast.</li><li>• Innspel på parkering til friluftsområder; Stussdalen og Erstadfjellet</li></ul>
Omsynssone friluftsliv ligger inne i gjeldende plan. Kommunen kan ikkje verne eit område, men kan legge eit bestemmelsesområde og leggje inn føresegner for området for å forsterke føringane jamfør omsynssona.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ønsker vern av fjellområdet vest for E 39 i Romarheimsdalen, sør for kommunegrensa til Masfjorden, aust for Fensfjorden, nord for Eikefet/Vikanesområdet.</li></ul>
<b>Tema – Planprogram KDP KAA</b>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Presentasjon av planprogrammet og gjennomgang av status på plantema: <ul style="list-style-type: none"><li>• Regionsenterutvikling</li><li>• Bustad</li><li>• Næring og sysselsetting</li><li>• Tilknytning til sjø, kystlinja</li></ul>	Innspel/kommentarar frå styringsgruppa: <ul style="list-style-type: none"><li>• Kyststien – viktig å legge til rette for at grunneigarar har den informasjonen dei treng til å kunne opparbeide kyststien.</li><li>• Einebustad; kor nært Knarvik er det aktuelt med einebustader? Viktig diskusjon.</li></ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunikasjon og overordna infrastruktur</li> <li>• Friluftsliv og rekreasjon</li> <li>• Gang- og sykkel og kollektiv</li> <li>• Sosial infrastruktur og offentleg areal</li> <li>• Folkehelse</li> <li>• Landbruk</li> <li>• Kulturarv</li> <li>• Miljø og klima, tilpassing til endra klima</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Markagrensa; må vurdere endring av markagrensa i Lonene og Gjervik.</li> </ul>
Naust blir handtert på lik linje som i KPA.	Indre Farlei består av ein del gamle naust. Korleis kan ein sikre at ein kan få føre opp naust igjen innanfor omsynssona Indre Farlei. Kan vi løyse det i denne planen? Kan ein sikre eksisterande naust innanfor omsynssona?
<b>Tema – Omsynssone Indre Farlei</b>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Presentasjon av omsynssone Indre Farlei.	Innspel/kommentarar frå styringsgruppa: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva vil være begrensningane innanfor sonen?</li> <li>• Ønske justering av omsynssonen; utvide nedenfor skulen, men skrenke inn på nordsida.</li> </ul>
	<u>Styringssignal frå styringsgruppa;</u> Ønskje om ein revidert versjon. Gå i dialog med fylkeskonservatoren om eventuell justering. Praktisk tilnærming.
<b>Tema – Omsynssone den Trondhjemske postvei</b>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Presentasjon av omsynssone den Trondhjemske postvei.	Innspel/kommentarar frå styringsgruppa: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig at ikkje føresegnene legg for sterke bindingar for arealbruken til grunneigarane</li> <li>• Kva vil være begrensningane innanfor sonen?</li> </ul>
<b>Tema – Omsynssone KDP E 39</b>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Presentasjon av omsynssone KDP E39  Møte mellom SVV, Fylkesmannen og Lindås kommune mandag 29. april 2019	Innspel/kommentarar frå styringsgruppa: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan vi godkjenne planen for resten av kommunen, men trekke ut området for omsynssonen?</li> <li>• Kva vil være begrensningane innanfor sonen?</li> </ul>
<b>Tema – 2 innspel frå dei politiske partia</b>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
Høgre; innspel på Radtangen.	H; har fått ein presentasjon om ambisjonene for området, og ønsker at vi er ambisiøse. Flott område med potensiale. «Kystlandsby».

	<p><u>Avstemning:</u> 3 for og 7 imot. Innspelet vert ikkje tatt med til vurdering i KU.</p>
<p>Arbeiderpartiet; innspelet gjeld Gabben bensinstasjon i Alversund. Utvide næringsarealet; arealet som ligg som grøntstruktur i områdeplan for Alversund vert endra til næring.</p>	<p>Styringssignal; endre arealformål grøntstruktur til næring, evt kombinert med sentrumsføremål</p>
<p><b>Tema – Andre innspel frå styringsgruppa</b></p>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
<p>Uavhengig; 2 bustadinnspel på Seim som vart silt vekk i grovsilinga: 1. Åge Stusdal, gbnr. 173/4 2. Terje Seim og Bente Skare, gbnr. 173/79 og 80</p>	<p><u>Avstemning:</u> 1. 4 for og 6 imot. Innspelet vert ikkje tatt med til vurdering i KU. 2. 3 for og 7 imot. Innspelet vert ikkje tatt med til vurdering i KU.</p>
<p>Uavhengig; 1 bustadinnspel: 1. Egil Magnar Eidsnes, gbnr. 215/2</p>	<p><u>Avstemning:</u> 1. 1 for og 9 imot. Innspelet vert ikkje tatt med til vurdering i KU.</p>
<p><b>Tema – Behov for nytt styringsgruppemøte?</b></p>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
<p>Det er satt av tid til styringsgruppemøte 29. mai. Administrasjonen må vurdere undervegs, om det er tid til å avholde møte den 29. mai. Tar kontakt med utvalsleiar for avklaring.</p>	<p>Ønskjeleg med møte for å drøfte planforslaget i forkant av handsaming av planforslaget.</p>
<p><b>Tema – Kommuneplan for Radøy og attendemelding frå nasjonale/regionale mynde</b></p>	
Administrasjonen	Styringsgruppa
<p>Presentasjon av relevante attendemeldingar/signal Radøy kommune har fått gjennom høyring av kommuneplanen.</p>	<p><u>Styringssignal frå styringsgruppa;</u> Halde på eigedomar innanfor 100 metersbelte Justere ned maks utnyttelse til same nivå som Radøy.</p>

## Oppsummering

Politisk styringsgruppe ber om at følgjande blir sendt ut:

- presentasjonane frå møte
- avgrensing av omsynssoona Indre Farlei